

Samefolket i tvangsevakueringa

Ingunn Elstad, UiT/Noregs arktiske universitet

Publisert på nettsida til Gjenreisingsmuseet i Hammerfest

Tvangsevakueringa hausten 1944 var ein felles katastrofe for folkeslaga i Finnmark og Nord-Troms. Denne artikkelen handlar om samefolket i tvangsevakueringa. Hadde dei nazistiske styresmaktene særskilte planar for samane? Var det trekk i sjølve tvangsevakueringa som slo spesielt ut for dei?¹ Til sist: er det muleg å seie noko om konsekvensar for samane som folk? Framstillinga er konsentrert om den første fasen av tvangsevakueringa: planlegginga, transporten og transittane frå oktober til ut 1944. Eg går ikkje inn på sjølve brenninga og nedslaktinga av husdyra. Artikkelen spring ut av samarbeidsprosjektet «Living the War» mellom Gjenreisingsmuseet i Hammerfest og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet.

Tvangsflyttingar i Sápmi

Åra 1930 til 1950 var eit opprivande tidsrom med tvangsflyttingar av samane på alle delar av Nordkalotten. På Kola brukte reindriftssamane å flytte mellom vinter- og sommarbusetnadar, men då reindrifta vart kollektivisert på 1930- og 1940-talet, vart vinterbustadane lagt ned og kolasamane måtte bli fastbuande. Samanslåing av reindriftseiningar og utbygging av gruvedrift, industri, jernbane og av byen Murmansk førte til tvangsflyttingar fram til 1970-talet.²

Petsamo var den austlege delen av det eldgamle området til austsamane (skoltesamane), og vart delt mellom Finland og Sovjet i 1920. Austsamane måtte slutte med årlege flyttingar.³ Dei evakuerte første gong under vinterkrigen, då den finske hæren brente bygder for å hindre sovjetisk framrykking.⁴ Etter krigen vendte dei tilbake, men då Hitler invaderte Sovjet i 1941

¹ Jfr. Watts, Inger Selven 2014: For samene og Jesus. *Adresseavisen* 20.10.

² Afanasyeva, Anna 2013: *Forced relocations of the Kola Sámi people: background and consequences*. Thesis: Master of Indigenous Studies University of Tromsø. Holtmark, Sven G. (red) 2015: *Naboer i frykt og forventning. Norge og Russland 1917-2014*. Oslo: pax. s.131-132.

³ Siida Sää'mjie'llem. http://www.samimuseum.fi/saamijellem/english/tieto_etusivu.html

⁴ Petterson; Arvid 2008: *Fortet fortid. Tragedien Norge aldri forsto*. Hammerfest: Gjenreisningsmuseet, s. 254-256.

i militær allianse med Finland, vart fronten ståande gjennom Petsamo i tre år. Sápmi vart krigsområde, oppmarsjområde og forsyningsline. I september 1941 inngjekk Finland våpenkvile med Sovjet og forplikta seg til å jage ut tyskarane. Den finske regjeringa gav ordre til befolkninga i Lapland og Oulu fylke om å evakuere straks. 104 000 menneske evakuerte; to tusen av dei var samar etter den tids registrering.⁵⁶

Då Sovjet gjekk til ein kraftig offensiv vestover i oktober, trekte den tyske hæren trekte seg tilbake i hast mot Finnmark, minela vegar, øydeløska kommunikasjonar og brente hus for å hefte russarane mest muleg. Kulturhistorikaren Veli-Pekka Lehtola skriv at Bygdene Savukoski, Eanodat (Enontekiö) og Aanaar (Inari), der det budde mange samar, vart lagt nesten heilt aude. Utanfor tettstadane vart i snitt 40-47 % av busetnaden i finsk Lapland øydelagt.

Busetnader langt frå veg, som samebygda Ohcejohka (Utsjoki), vart mindre skadd. Dei evakuerte vendte tilbake sommaren 1945.⁷

Ved fredsslutninga vart heile Petsamo sovjetisk. Austsamane valte å flytte til finsk side. Sist på 1940 talet endte dei permanent dels i Nellim - Ivaloområdet sør for Enaresjøen, dels i Če'vetjäu'rr (Sevettijärvi) nord for Enaresjøen.⁸ Austsamane vart delt mellom desse to bygdene på finsk side, og Njauddâm (Neiden) på norsk side. Det vart krevjande å halde kontakten.⁹

I oktober 1944 var altså den brente jord på veg mot Noreg. Dei tyske okkupantane trekte seg ut av Finnmark og Nord-Troms, men var bestemt på å halde grepet om resten av Noreg. For å hindre at Sovjet eller vestmaktene okkuperte det rømte området, og kanskje sette inn den norske regjeringa, skulle det gjennomførast total øydelegging og total deportasjon av heile det spreiddbygde området. Målet var ikkje berre å hefte Den røde hær, men å fjerne befolkninga. Slik ville diktatoren over Noreg, Reichskommissar Terboven, sikre seg mot partisanåtak og industrisabotasje nordfrå.¹⁰ Landet austfor Lyngen vart med få unnatak lagt aude.

⁵ Lehtola, Veli-Pekka 2015: Second world war as trigger for transcultural changes among Sámi people in Finland. *Acta Borealia*, 32-2, 125-147; Tuominen, Marja 2011: Where the world ends? Three places and challenges of Northern cultural history. I: Johnson, Bruce og Kiiskinen, Harri (red.): *They do things differently there. Essays on Cultural History*. Turku: K&h-kustannus, University of Turku, s. 43-80.

⁶ Tuominen 2011 s. 65.

⁷ Lehtola 2015 s. 134. Petterson 2008 s. 252, 273.

⁸ Lehtola 2015 s. 132-134.

⁹ Petterson 2008 s. 256-257. Siida Sää'mjie'llem

http://www.samimuseum.fi/saamijellem/english/tieto_etusivu.html

¹⁰ Sjå serleg Fosnes, Wilhelm 1974: *Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms høsten 1944. Planlegging og gjennomføring*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, og Landssviksak D3802 Lippesstad. Riksarkivet.

Landet austfor Lyngen

Landet som vart brent var det gamle Sameland, på norrønt *Finnmark*.¹¹ Trass i hundreår med kolonisering, grensetrekking og norsk suverenitet, hadde Finnmark og Nord-Troms ein tvetydig utanrikspolitisk posisjon i 1944. Noreg var nok vestleg, men det var ikkje like sjølvsgått at landet austfor Lyngen var ein del av den vestlege interessesfæren.¹²

Det er bortimot umuleg å seie kor mange av dei tvangsevakuerte som var samar. Som kjent er det svært problematisk å kategorisere og talfeste etnisitet i ei befolkning, og på denne tida var antakeleg fornorskinga på sitt sterkeste. I den siste folketeljinga før krigen i 1930 vart etnisitet definert som «rase» ut frå slektsopphav, med kategoriane samar, kvenar og «blandingsfolk» («sam-kvenar»). Rundt ein fjerdepart av befolkninga i Finnmark vart kategorisert som samar, i Nord-Troms vel ein femtepart.¹³ Går ein ut frå desse låge andelane, vart om lag 9 500 samar tvangsevakuert frå Nord-Troms og Finnmark.¹⁴ Tala i og for seg seier ikkje mykje. Det var uansett ein stor del av samefolket.

Det nordiske blodet

Ministrane Jonas Lie og Johan Lippestad vart sendt nordover i oktober og skulle få i gang «frivillig evakuering» for å berge familiar og verdiar frå sovjetisk herredømme. Planane vart utvikla i tautrekking mellom tyske sivile og militære styresmakter. Det norske nazistyret

¹¹ Finn var det norske ordet for same. Evjen, Bjørg og Hansen, Lars Ivar 2008: Kjært barn- mange navn. Om forskjellige betegnelser på den samiske befolkningen i Nordland gjennom århundrene. I: Evjen, Bjørg og Hansen, Lars Ivar: *Nordlands kulturelle mangfold. Etniske relasjoner i historisk perspektiv*. Oslo: pax, s. 17 og 35.

¹² Pedersen, Gunnar 1982: *Militær motstand i nord 1940-45*. Tromsø-Oslo- Bergen-Stavanger: Universitetsforlaget, s. 149-151, 178-179; Udgaard, Nils Morten 1973: *Great Power Politics and Norwegian Foreign Policy*. Universitetsforlaget. 1973 s. 56. Jfr. Holtsmark (red.) 2015 s.253-262.

¹³ Folketeljinga av 1930 oppgir 11 305 samar i Finnmark åleine, definert ut frå slektsopphav. Tala frå 1930-folketeljinga blir nok for låge, sjølv om Finnmark hadde mykje utflytting før tvangsevakueringa. Jfr. Mølmann, Nina mfl.: Infant mortality and epidemic diseases. Wartime Finnmark in a comparative perspective. *Nordlit* 37, s. 6-7. SSB: *Folketellingen i Norge 1930*, 4. hefte, Aschehoug: Oslo, tabell 1 s. 6 ff. Søbye, Espen 2015: *Folkemengdens bevegelse 1735-2014: en tabellstudie*. Statistisk Sentralbyrå.

[.https://www.ssb.no/befolking/artikler-og-publikasjoner/folkemengdens-bevegelse-1735-2014](https://www.ssb.no/befolking/artikler-og-publikasjoner/folkemengdens-bevegelse-1735-2014), s. 249. Sjå Evjen og Hansen 2008 s. 32-34. Ut frå kommunale oppgåver vart 48907 personar tvangsevakuert frå Nord-Troms og Finnmark. Hauglid, Ole Anders 1975: *Gjenreisinga av Finnmark og Nord-Troms 1945-1948-1952*. Hovudoppgåve, Universitetet i Tromsø, s. 281.

¹⁴ Om lag 2500 samar i Kárášjohka og Guovdageainnu vart ikkje tvangsevakuert. Desse er trekt frå. Jonas Lie rekna at 19 000 eller rundt 30% av totalbefolkinga i Nord-Troms og Finnmark var samar eller «blandingsfolk». Lie, Jonas 1945: *Rapport til ministerpresidenten om evakuering av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner i Troms*, s. 7.

hadde liten innflytnad på kva som vart bestemt,¹⁵ men gjorde seg i allfall gjeldande på eitt punkt: Lie prøvde å hindre at samane vart ført sørover.

Jonas Lie var Himmlers fremste mann i Noreg.¹⁶ Det var SS-Reichsführer som fekk Lie etablert som politiminister i Noreg og som leiar for det norske SS. Lie kvalifiserte seg med turar til dei okkuperte område i Aust-Europa, og var med sikkerheitsstyrkar som gjennomførte massakrar av jødar og andre «mindreverde» sivile.¹⁷

Med okkupasjonen fekk Noreg eit byråkrati for raseideologi og nazistisk eugenikk. Samane kom i sokelyset. Raseteoretikarar definerte dei som ein «mongol-liknande rase» og svært ulike «den nordiske rasen». Derfor var «raseblanding» serleg skadeleg.¹⁸ Helsedirektøren fekk seinare ansvaret for helsearbeidet under tvangsevakueringa. Han et primitivt og troskyldig folkeferd, som greier seg bra under sine tilvante forhold på fjellvidden i Nord-Norge, men degenererte når dei kom i låglandet, lavlandet, hvor de blander blod med nordmennene og formerer seg hurtig og raseblandinga som hadde spreidd seg heilt ned til Trondheim. Medisinaldirektøren gjekk inn for raselovar etter mønster av dei tyske Nürnberglovane.¹⁹ Ekteskap mellom samar og norske ville då blitt straffbart. Han fekk støtte frå tyske raseekspertar, men det vart ikkje utarbeidd nokon lov.

Himmler meinte at «den nordiske rasen» hadde særleg verdfulle eigenskapar i blodet. På eit besøk i Noreg gjorde han greie for korleis befolkninga Nord-Noreg i framtida burde ordnast etter «rasemessige grunnsetningar». Germanarane budde altfor spreidd. Norske småbruk skulle slåast saman slik at ein fekk eit nordisk herresjikt, med garnison. Samane måtte bli der dei var, fordi dei var vant til det arktiske klimaet.²⁰ For å halde den nordiske og den samiske rasen frå kvarandre burde ein altså gjere Sápmi til ei apartheidfestning.

¹⁵ Avhøyr og rapportar frå offiserar i Reichskommissariat, RA, Lippeset-saka.

¹⁶ Roughtvedt, Bernt 2010: *Med penn og pistol. En biografi om politiminister Jonas Lie*. Oslo: Cappelen Damm, s. 119 ff.

¹⁷ Roughtvedt 2010 222-247. Emberland, Terje og Kott, Matthew 2013: *Himmlers Norge. Nordmenn i det storgermanske prosjekt*. Oslo: Aschehoug, 154-156, 168-171, 204-209, 252-289.

¹⁸ «I Finnmark og egnen omkring Røros finnes en liten befolningsgruppe av mongoloide lapper, som i antropologisk henseende fjerner sig meget fra den øvrige befolkning.» Mjøen, Jon Alfred 1938: *Rasehygiene*. Annen utvidede utgave. Oslo: Jacob Dybwads forlag, s. 50.

¹⁹ Østrem 07.10 1941. RA/S-3138 0001/D/Da/L1122. LS-sak mot Østrem.

²⁰ Himmler sa dette til raseeksperten Richert, som leia landbruksavdelinga i Rikskommissariat i Noreg og var rasepolitisk medrbeidar hos SS-und Polizeiführer Rediess. Det var kort før han reiste til Kirkenes saman med mellom andre Jonad Lie og Terboven. Paulsen, Helge 1990: Hva ville de med Norge? i Skodvin et al: *Søkelys på norsk krigshistorie 1940-1945*, s.67. Paulsen viser til eit notat Richert skreiv frå samtalet med Himmler 6.2.41. Bernt Roughtvedt skriv at Himmler meinte samane hadde halde blodet sitt reint og hadde ei rad positive artseigne eigenskapar, men det går ikkje fram kva han bygg dette på. (2011: *Med penn og pistol. En biografi om politiminister Jonas Lie*. Oslo: Cappelen Damm 2010 s. 314-316) Jfr. Evjen 2015.

Ideen om verdfulle og mindreverde folkeslag var grunnleggande i nazismen, men det var ulike syn på kva politikk som burde førast mot samane. Nokre nazistar meinte at den samiske kulturen var særprega og burde vernast. Tyske soldatar, som andre tilreisande, opplevde ofte samane som eksotiske, skaffa seg pesk og skallar og fekk respekt for samisk kunnskap om arktiske forhold.²¹ Politipresident Holtskog i Aust-Finnmark, derimot, føreslo for dei tyske styresmaktene at samane skulle kastrerast.²² Men samane var eit så lite folk, spreidd i den ytste utkanten av Europa, at regimet sannsynlegvis ikkje såg behovet for drastiske tiltak. Generaloberst for hæren i Nord-Finland, Lothar Rendulic, meinte at samane kom til å døy ut uansett.²³

Deportasjon av samane?

Forordninga om «frivillig evakuering» vart utarbeidd av Reichskommissariat sine offiserar 17.oktober. Eit punkt som ikkje vart offentleggjort, var at stridsdyktige menn skulle førast bort med dei tyske troppane. Her fekk Jonas Lie inn eit unnatak for personar som «kan betraktes som samer». ²⁴ Samane skulle bli der dei var. I rapporten til Quisling skilte Lie mellom «den rene lappbefolkning», altså reindriftssamane, og «sjølappene og blandingsbefolkningen».²⁵ Reindriftssamane hadde livet sitt bunde opp i reindrifta, var ikkje til nytte andre stadar, og reinflokkane som matressurs måtte ikkje gå tapt. Reindriftssamane kunne berre evakuerast ved at ein fekk dei til å drive reinen over til Troms. «Sjølappene» var derimot ei totalt degenerert blandingsbefolkning på 10-12 000 personar som stort sett verken fysisk eller psykisk hadde nokon befolknings- eller arbeidsverdi. Dei var fatalistisk innstilt og hadde ingen vilje til å reise bort.²⁶

Her kombinerte Lie raseteoriane med gamle klisjéar frå den *norske* rasismen.²⁷ Dessutan vurderte han befolkninga ut frå to begrep: «Arbeidsverdi» var nytteverdien som soldatar og

²¹ Evjen, Bjørg 2015: Møter og holdninger mellom samer, norske nazimyndigheter og representanter for okkupasjonsmakten. I: Fagertun, Fredrik (red): *Krig og frigjøring i nord*. Stamsund: Orkana akademisk, s. 85-98.

²² Lund, Svein 2011: «Ad skoleforhold for lappiske barn» - ei undersøking frå 1943. I: Lund, S.

(hovudredaktør); Boine, E.; Broch Johansen, S.; Rasmussen, S. (medredaktørar): *Sámi skuvlahistorjá 5*. Kárasjohka: Davvi Girji, s. 158. Roughtvedt 2010 s. 308.

²³ Rendulic: *Gesiegt, gekämpft, geschlagen*.

²⁴ Lie 1945 s. 13-15, s. 41. Fosnes 1974 s. 32.

²⁵ Lie 1945 s. 19.

²⁶ Lie 1945 s. 24.

²⁷ Jfr. Roughtvedt 2010 s.316. Desse karakteristikkane vart brukt i legeberetningar rundt 1900. Elstad, Ingunn 2006: Dei sjuke i samfunnet. I: Elstad, Ingunn og Hamran, Torunn: *Sykdom. Nord-Norge før 1940*. Bergen: Fagbokforlaget, s. 29.

arbeidskraft i den militariserte pengeøkonomien. «Befolkningsverdi» var raseverdien, «blodet». ²⁸ I nazistisk ideologi hadde mennesket ikkje verdi i seg sjølv.

Oldemor til Jonas Lie skal ha vore same frå Helgeland.²⁹

Lippestad snakka ope om «befolkningsverdien»: Jenny Kummeneje, som var leiar for Hammerfest sanitetsforeining, spurde han direkte om det verkeleg var meininga å sende sørover fattige menneske som hadde lite klede og vanskeleg ville overleve sjøreisa. Han svara at dei rekna med 30-40% tap av menneskeliv, og forresten var det vel blandingsrase eller mindreverde menneske. “Vi tar bare verdifulle folk”. ³⁰

Lie og Lippestad laga lister over tal på personar på samleplassane – Repparfjord, Kvalsund, Stallogargo osv., merkt med «en del blandingsrase», «en hel del blandingsrase» osv.³¹ I det naziokkuperte Europa hadde byråkratane eit uendeleg arbeid med å lage rasemessige inndelingar og oversikter. Lie sette også opp prioriteringsliste for evakueringstransportane, med samar og folk av «blandingsblod» nest sist, og sjuke folk aller sist.³² Men då ordren frå Hitler kom, gjekk den ut på at *alle* skulle deporterast, slik Terboven hadde kravd. Spørsmålet om samane skulle deporterast vart likevel hengande att. I desember skreiv Rendulic i rapporten sin til overkommanoen i Berlin at å frakte bort samane hadde berre interesse i samband med evakueringa av reinflokkane, og derfor var ca. 8500 personar – for det meste samar – blitt att i Vest-Finnmark.³³

Slik gjekk det til at då Sivert Amundsen og nokre andre menn frå Stabbursnesområdet i Porsanger vart arrestert av tyskarane 31.oktober, fekk to som hadde på seg samekofte, attest frå tyskarane på at dei ikkje skulle evakuerast. Før dei drog heim, gav dei då koftene sine til to av dei andre. Då fangane skulle skrivast inn, vart også desse to sendt heim med meldinga: Samane skulle ikkje fraktast sørover.

²⁸ Denne tosidige vurderinga vart brukt på sinnslidande, også i Noreg. Fause, Åshild 2015: The fate of the mentally ill during the Second World War (1940-1945) in Troms and Finnmark, Norway. *Nordlit* 37, s.7-8.

²⁹ Westrheim, Harry 1978: *Landet de brente*. Oslo: Tiden, s.135.

³⁰ Avhøyr av Jenny Kummeneje 16/7 1946, Gustav Vig 19/09 1946, og Per Gabrielsen 5/12 1945. RA, Landssviksak D3802 Lippestad, stykke 1-5 (RA/S-3138) 1945-1947.

³¹ Lie 1945 s. 47-49.

³² Lie, Jonas 1944: *Rapport til ministerpresidenten 16.11 1944*, s. 20-21.

³³ Rendulic, Oberkommando der 20.(Geb.)Armee 15.12.1944: Bericht über Evakuierung Nordnorwegens. NHM 161 RH20.

*Vi andre prøvde å forklare at også vi var samer, men det førte ikke fram. Tyske offiserer sa at når vi ikke hadde samekofte på, så var vi å betrakte som vanlige nordmenn.*³⁴

Den same beskjeden vart gitt om bord på Adolf Binder.³⁵

Jonas Lie hadde gjennomført registrering av dei norske jødane før dei vart arrestert og deportert til konsentrasjonsleirane. Samane var jo ikkje registrert. Trass i alle førestillingane om rasemessige eigenskapar hadde dei tyske offiserane berre klesdrakten å gå etter når dei skulle skilje samane frå dei norske.

Evakuering av reindrifta?

Jonas Lie fekk ordføraren i Kárášjohka til å gi ordre til flytsamane i dei reinbeitedistrikta han kunne nå: Dei måtte straks drive reinen vestover inn i Troms fylke.³⁶ Den tyske hæren skulle kjøpe den til god betaling. Lie gav også beskjed om at grensepolitiet måtte hindre flytting av reinen austover.³⁷ Lystra reindriftssamane ikkje ordre, ville reinen bli skoten ned.³⁸ I Muonio skaut den tyske hæren ned store reinflokkar.³⁹

I var det møte den 22. oktober for å planlegge evakuering av reinen til Skibotn. Til stades var ordføraren og fleire representantar for kommunen.⁴⁰ Politimeisteren i Hammerfest, Sverre Hoem, skulle representere Jonas Lie. Han kunne samisk. På førehand hadde deltakarane frå Guovdageainnu avtala med Hoem korleis dei skulle legge fram saka. Det stod mykje på spel. For å berge reindrifta i distriktet måtte dei late som dei lystra tysk ordre. Så kom Herr Krämer frå sikkerheitspolitiet til møtet. Lensmannsfullmektig Lauri Keskitalo forklarte inngåande kor vanskeleg det var å drive reinflokkane vestover; dei måtte beite frå stad til stad, det kravde stor omtanke og ikkje minst tid. Då Krämer hadde forlate møtet, vart deltakarane einige om å sende bod med ordre om at samane måtte flytte reinflokkane mot vest, «etter tysk diktat på

³⁴ Petterson, Arvid 2014: *Deportering – eller flukt? Porsanger 1944-1945*. Porsanger Historie- og museumslag, s. 178-179.

³⁵ Petterson 2014 s. 197.

³⁶ Lie, Jonas (udat.): Dagboksopptegnelser fra tvangsevakueringen av Finnmark og Nord-Troms, 18.10. 44.

³⁷ Telegram frå Lie 19.10.1944: RA, Landssviksak D3802 Lippestad, stykke 1-5 (RA/S-3138) 1945-1947.

³⁸ 19.okt. møte om evakuering av reinflokkane frå Karasjok reinsogn, ordførar Einar Isaksen, politiministerens representant politimeister Hoem, lappefogd Pleym til stades. Tre av fem reinbeitedistrikt kunne ikkje nåast i tide for å få drive reinen vestover. Lie 1945 s. 45-46.

³⁹ Lehtola 2015 s.135.

⁴⁰ Det var Lauri Keskitalo, Morten M. Klemetsen, Isak Nilsen Hætta, Henrik Klemetsen Hætta, Klemet Klemetsen Hætta, Ole Mathisen Hætta og Per Larsen Gaino. Edel Hætta Eriksen (Lemet Lemaha Edel) 1991: Evakueringsvinteren 1944-45. I: Kautokeino historielag: *Fortellinger og hendelser i Kautokeino*, s. 58-62.

norsk mål», med tanke på tyske spionar. *På samisk* vart det gitt motsett beskjed: Dei skulle halde seg klar tyskarar og alle menneske, lengst muleg bort frå ferdsel og bustadar; drive reinen på gode beite, men passe opp for tyske fly og spionpatruljar⁴¹. Samisk var motstandsspråket då reindrifta i indre Finnmark vart berga.

Kommandanten som kom til Guovdageainnu for å tømme bygda for folk, gav beskjed om at samar og finlendarar var unnatatt evakueringa. Dei fastbuande fekk lov å følgje med reindriftssamane. Tyskarane rekvirerte slakt og kjøreein. Samane trengte tid og forsyninger.⁴² Opp i forhandlingane kom Jonas Lie. Han meinte at samane ikkje verka uvillige til å evakuere, for dei var svært redde for russarane.⁴³

Lie var ein var dei mest frykta av toppnazistane, men nokre samar fann likevel ut at dei ville halde ap med han. I dagboka fortel han at han fekk besøk ein kveld «av tre fantastisk utseende lapper» som ville tale med Jonas Lie. Ein av dei hadde vore utsending til samelandsbyene. «Joda lappene vilde reise. En av dem foreslo at jeg skulde «breke» om ev.[evakueringa] i kirka.» Lie beklaga at det ikkje vart tid til det; det var visst ikkje fritt for at han var smigra.⁴⁴

Reindriftssamen Johan E. J. Gaup har fortald:

*Vi hadde våre planar. Vi for ikkje vestover, vi for austover. Vi hefta ikkje meir enn fire fem dagar [frå Kautokeino] før vi var i Finland. Eg gjekk først på ski, bjellereinen etter. Då var tyskarane ute av Finland.*⁴⁵

Edel Hætta Eriksen skriv at på den tida var ein vant til fjell-livet, og nesten alle fastbuande hadde rein. Så å seie heile befolkninga, om lag 1250 personar, drog til fjells og gøynte seg bort til tyskarane drog frå Guovdageainnu i desember 1944. Pasientane og betjeninga på sjuke- og gamlehjemmet vart til slutt tvangsevakuert.

Det vart ein farleg og slitsam flukt for mange innover vidda. Anne Hætta (Lemet Ánne) har fortald om då familien hennes flykta. Det vart serleg dramatisk fordi familien dreiv illegalt

⁴¹ Eriksen (Lemet Lemaha Edel) 1991. Rapport frå politimeister Hoem, 27.10. 1944. SATØ, Fylkesmannsarkivet i Troms, boks 2028. B.R.H. [Hellesnes, Berntine Ruud] 1950: Tragikomedie i Kautokeino. I: Hellesnes, B.R. *Finnmark i flammer*, band 2. Kragerø: Eget forlag. Fjørtoft skriv at Lie var til stades på møtet og garanterte overfor tyskarane at samane var til å lite på. Fjørtoft, Kjell 1984: *Vi fikk vår frihet*. Oslo: Gyldendal. s. 162-163. Men den 24.10. var Jonas Lie i Billefjord. Berntine Hellesnes oppgir at møtet var den 24.10., Edel Hætta Eriksen (Lemet Lemaha Edel) oppgir den 22.10., og det stemmer med rapporten til Hoem.

⁴² Fjørtoft 1984 s. 163. Lies dagbok for 4.nov.

⁴³ Lie 1945 s. 36.

⁴⁴ Lies dagbok s. 12-13.

⁴⁵ Johan E. J. Gaup intervju av Harry Westrheim i radioprogrammet: *Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms høsten 1944*. Sendt 20.11.1969. Nr. 48 i programserien «25 år etter».

arbeid under heile krigen. Dei sendte etterretning til London frå ein radiosendar på låven. Dei tre brørne vart angitt rett før familien skulle dra. Tyskarane stengte inne faren, mora og to søstrer, og brørne rømte medan kulane flaug rundt dei. Ánne på 18 år vart skilt frå familien og gav seg i ved austover med ein kjørerein og ein liten nistepakke. Ho trefte slekt og venner og slo følgje med dei til Bievrašjavvre på finsk side, der finske samar hadde sommarhytter, og der trefte ho brørne. Alle tre hadde overlevd.. Men søskena kunne ikkje slå seg til ro. Dei måtte finne resten av familien om muleg. Det var enno tyskarar i Guovdageainnu, og brørne kunne bli attkjent. Ánne drog saman med ein farbror for å undersøke. Dei fekk vite at familien hadde klart å rømme,

De hadde fått en kar til å lose seg og til fjells bar det med dem... Og som et under, hadde de også fått med seg besteforeldrene mine, mormor som da var 88 år gammel og morfar 79 år.... Vi fant dem i en hytte ved Badašjohka.... Jeg glemmer aldri den gjenforeningen som fant sted i den hytta. Spesielt husker jeg mor hvor glad hun ble og hvor hun takket for at alle tre sønnene var i livet.⁴⁶

Sist i november begynte Lie å etterlyse meldingar frå Helligkogen i Troms, dit samane skulle komme med reinen og få brennevin og tobakk i belønning. Han sendte ein statspolitimann for å møte samane i Helligkogen i Troms, som gjennomsøkte området mot Troms med fly og rapporterte at det heile var ein skandale.⁴⁷

Lauri Keskitalo oppsummerte i sin rapport at evakueringa var gått planmessig; ingen menneskeliv gikk tapt, og stort sett gikk det bra med reinen. Men han skreiv også at mange hadde en vond og vanskelig vinter både på góymeplassane og etter at dei kom til dei nedsvidde heimane.⁴⁸ Forsyningsituasjonen for folket på vidda vart prekær. Det vart etter kvart ordna med forsyningar frå Svenska Norgeshjälpen, distribuert frå Kuttainen på finsk side.⁴⁹ Gjennom vinteren sökte tyske fly og streifpatruljar etter samane frå Troms og Guovdageainnu.⁵⁰

⁴⁶ Anne Hætta (Lemet Ánne) 1991: Opplevelser 1940-1945 s. 44.. I: Kautokeino historielag: *Fortellinger og hendelser i Kautokein*, o s. 39-45.

⁴⁷ Rapport frå statspolitibetjent Tørseth 10.01.45 og 20.02.45. SATØ, Fylkesm. i Troms, 2028.

⁴⁸ Sitert frå Hellesnes 1950 s. 127.

⁴⁹ Lensmann Dahl, som var blitt avsett av nazistane, rømte til Sverige før jul og fekk ordna med forsyningar frå Svenska Norgeshjälpen, som vart distribuert frå Kuttainen på finsk side. Hellesnes 1950 s. 128-129. I rapporten sin gav statspolitibetjent Tørseth Dahl skulda for skandalen. Det ser ikkje ut til at han mistenkte Hoem.

⁵⁰ Hellesnes 1950 s.129. Lie 1945 s. 35-36.

Berit Klemetsens død

Opplegget frå Quislingregjeringa var at Arbeidstjenesten (AT) skulle drive mottaka av evakuerte sør for Tromsø.⁵¹ AT var ein halvmilitær organisasjon der gutter og etter kvart jenter på 20 år vart utskrivne til nokre månader leirliv med jordbruksarbeid, drill og fostring i nazistisk ideologi. Sommaren 1944 var AT under storboikott frå heimefronten og organisasjonen var i oppløysing.⁵²

Røde Kors fekk også ordre frå Quisling om å bidra i tvangsevakueringa.⁵³ Andre frivillige organisasjoner, som Sanitetsforeningane og Norges Finnemisjon, vart trekt inn meir og mindre. I fleire byar stilte mange frivillige opp.

I Mosjøen stod sanitetsforeininga for forpleininga. Eit av innkvarteringslokala var Dolstad kjerke. Det var sett opp koyer i to høgder. Her kom forskjellar mellom norske og samiske tenkemåtar til syne: Sanitetskvinnene spurte ein samegut om det ikkje var gildt å bu i den vakre kjerka; han svara ja, men det var nifst å bli kjørt levande på kjerkegarden.⁵⁴

Mosjøen var medisinsk senter for tvangsevakueringa nord for Trondheim, med ein AT-lege som representerte medisinaldirektøren. Sjukepleiarane var rekvikert frå Ullevål og Røde Kors. Då familien Klemetsen kom tvangsevakuert frå Kvalsund, vart faren tatt ut som samisk tolk. Arthur og Andreas Josef Klemetsen har fortalt til forfattaren Dag Skogheim om då mora, Berit Klemetsen, døydde i Mosjøen:⁵⁵ Dei meinte at ho vart sjuk av redselen under tvangsevakueringa. Tyske offiserar om bord hadde sagt at dei ville bli torpedert: «Det er god plass i Vestfjorden». Faren var i Nord-Trøndelag for å hjelpe besteforeldra på plass då mora brått vart därleg. Ho hadde akkurat vaska klede og hengt dei opp i kjerka. Gutane gjekk til sjukepleiarane, som såg til henne og ringte fleire gongar og bad legen å komme. Han svara at dei måtte ta det med ro; det var ikkje så farleg; han kunne kanskje komme morgonen etter.

⁵¹ Riksutvalget for evakuering 30/10 -1944. SATØ Fylkesmannsarkivet for Troms 2017. Mappe: Rundskriv og meldinger.

⁵² Hansen, Jan Egil 2011: *Stripete poteter og grumsete grøfter. En funksjonsanalytisk studie av den norske Arbeidstjenesten i perioden 1940-1945*. Masteroppgåve, Universitetet i Agder.

⁵³ Brev til Norges Røde Kors ved dir. Heyerdahl frå Quisling 17.10 1944, RA Flyktning- og fagedirektoratet ...Dd Riksutvalget for evakuering Dd-0004.

⁵⁴ Løkke, Ragna 1996: Fra tombolaproblemer til bespisning av 2000 evakuerte. *Far etter fedrane*, s. 80-83.

⁵⁵ Intervjuet er attgitt hos Petterson 2008 s. 93-98. Jfr. Løkke 1996.

Det var då berre ein lege for dei tvangsevakuerte i Mosjøen. Artur Klemetsen meinte at han tente to herrar.⁵⁶ Han skulle styre helsearbeidet i tvangsevakueringa i nord, han stilte ved mottak og avreise, og var ein aktiv partipropagandist. Det vart påstått at derfor kom han i grunnen aldri i gang som lege.⁵⁷ Men det måtte vere ein lege for å legge inn Berit Klemetsen på sjukehus til operasjon. Han kom først neste dag. Ho døydde før skyssbåten gjekk frå kai, sannsynlegvis av blødande magesår. Ho vart begraven frå Dolstad kjerke, der det vart talt og songe på samisk, og sanitetsforeninga laga kaffebord.⁵⁸ Bestemora fekk hukommelsestap då ho miste den einaste dottera. Dei måtte få henne på gamleheim i Trøndelag. Der vart ho livet ut. Faren og sønnane rømte til Sverige nyttårsaftan 1944 under svære strabasar.⁵⁹

Brev frå medisinaldirektørens representant

Fire dagar etter at Berit Klemetsen døydde, lufta den medisinske representanten tankane sine i brev til medisinaldirektøren: Her kom det ein hærskare av folk som gav opp for eit lite knip i magen eller eit tak i ryggen, «hjelparane» stemte i som ein hønseflokk, og alle flaug til nærmeste telefon for å melde om noko som ikkje var noko.

Disiplin mangler vi nordmenn i høyeste grad... Skal vi forresten si nordmenn? Jo, jo,- de bor innenfor landets grenser, så da høver navnet, men omrent alle som har passert hittil er "half-cast". Det er kvener og samer og asiater som er oppblandet. Det er ikke germanere, det være langt ifra, og skal vi få denne innblandingen inn også sydpå, så kan vi straks vinke farvell til den renrasede, høyreiste nordmann... Vi må komme med preventive forholdsregler her av ganske inngripende art.⁶⁰

Rasismen omfatta kvenar, samar og «blandingsfolk». Om den økonomiske sida, «arbeidsverdien», skreiv han at dei tvangsevakuerte var «slagg» som kravde ein masse arbeid, og ville gjere at «vi i Sør-Norge» ville få mykje større byrder med mat, pleie og skatt.⁶¹

Denne legen var ekstrem også til nazist å vere. Men det var han som hadde det overordna ansvaret for liv og helse hos dei tvangsevakuerte nord for Trondheim. Alle tvangsevakuerte var i ein utsett situasjon overfor evakueringsapparatet, men samar og kvenar var serleg utsette når dei møtte personar som ville praktisere raseteoriar.

Det er ikkje sikkert at Berit Klemetsen ville overlevd om ho straks hadde fått legehjelp og blitt sendt til operasjon, men sjansane ville vore betre.

⁵⁶ Petterson 2008 s.94.

⁵⁷ Usignert rapport til Heimefrontleiinga 10.12 1944. NHM, Hjemmefrontledelsen korrigert. Div. saker til HL 12.

⁵⁸ Løkke 1996.

⁵⁹ Petterson 2008 s. 93-96.

⁶⁰ Medisinaldirektørens representant i Mosjøen 15.11 1944 til medisinaldirektør Østrem. HFM, Hjemmefrontledelsen korrigert, Div. saker til HL 12.

⁶¹ Medisinaldirektørens representant i Mosjøen 15.11.

Dei gamle og sjuke

Folket vart frakta ut i uvissa. Då evakueringsordren kom, heldt læstadianarane i Lyngen og på Skibotn samlingar der dei bad kvarandre om forlating og far vel.⁶² I alle folkegruppene var det vidt forskjellige erfaringar. Nokre familiar lasta naboar, husdyr og bruk om bord på skøyta og flytte til slektingar utan å sjå ein tyskar. Langt fleire vart transportert vekesvis i trengsel under militær kontroll, med sjukdom, frysing, mangel på søvn og tidvis på mat. Felles for alle var byråkratiet: Når dei var innkvartert permanent, var dei fleste i ein situasjon der dei måtte ha offentleg stønad for å overleve. På få veker myldra det fram eit omfattande regelverk – på norsk – som dei tvangsevakuerte måtte kjenne og bruke for å få hjelp til å klare seg.

Språkproblema fekk andre alvorlege konsekvensar. Sjukepleiehistorikaren Åshild Fause fortel at det tok fleire månader før Gaustad sjukehus fann ut at mellom dei tvangsevakuerte samiske pasientane var det eit ektepar, og ei mor med sonen sin.⁶³ Det hendte at gamle og sjuke samar og kvenar som ikkje kunne gjere seg forstått, kom bort frå sine og aldri vart funne att.

Norges Finnemisjonsselskap, med hovudkontor i Trondheim, måtte ordne med institusjonane sine. Dei prøvde å ta eit særskilt ansvar for samar og kvenar. Evakueringsleiinga tok kontakt når samar var venta til Trondheim. Røde Kors sendte dette telegrammet:

*Finnemisjonen, Trondheim. Møt ved Sigurd Jarls ankomst fjellapper om bord.*⁶⁴

Lebesby gamleheim (mellombels på Stadsbygd) og Kautokeino gamle- og sjukeheim (i Hommelvik) måtte utvide for å ta imot fleire tvangsevakuerte samar.⁶⁵ Finnemisjonen oppretta ein ekstra gamleheim for samar på Rostad i Børsa, der dei samla elleve sjuke gamle som hadde vore spreidd på skolar og menighetshus.

Finnemisjonen tok også kontakt når dei høyrte om samar som var havna på gamleheim der det berre var norske, og tilbaud plass slik at dei kunne komme blant vennar og kjente.⁶⁶ Men det vart fort fullt. Dei gamle på Lebesbyheimen vart værande i Trøndelag livet ut.

Kautokeinoheimen derimot flytta heim til ei provisorisk brakke sommaren 1946.

⁶² Aslaksen, Borghild 2014: Min krigshistorie, s. 113. Olsen, Aslaug 2014: Minner fra krigens dager på Furuflaten, s.127-128. Ørnæbakk, Oddvar 2014: Tvangsevakueringa høsten 1944, s.139. Alle i: Hansen, Leif-Harry (red.): *Menneske og miljø i Nord-Troms*, Årbok 2014.

⁶³ Fause 2015 s.19.

⁶⁴ 8.12. 1944. Sekretær Bertrand Nilsen fekk beskjed om å møte på kaia. SATØ, Norges samemisjon, boks 73, legg 47.

⁶⁵ Heiervang til Gudrun Gjedrem 9.12.44: SATØ Norges Samemisjon boks 73 legg 47.

⁶⁶ SATØ Norges samemisjon boks 78, legg 47-3.

Så seint som i 1954 var det eit bilet av ei gammel kvinne i årboka til Finnemisjonsselskapet, med teksten: «Kjenner du denne gamle her. Selv vet hun ikkje hvem hun er. Siden tvangsevakueringen nordfra har all hukommelse sviktet.»⁶⁷

Samane lys levande

Undervegs levde den tvangsevakuerte befolkninga på utstilling, der dei vandra i flokk frå kaia eller jernbanestasjonen til overnatningsplassar og serveringsplassar i mottaksbyane.⁶⁸ Folk såg på dei, syntest dei var rare eller syntest synd på dei. Fleire stadar vart dei spurta om det var sant at finnmarkingane hadde hale.⁶⁹ Det var med andre ord ikkje berre tilfeldig spit, men ei markering av forskjell – finnmarkingar var ikkje siviliserte, ikkje ordentlege folk.

Folk sa at vi va ingenting...det va så skammelig...Sjøl om vi ble godt tadd imot.⁷⁰

Men veldig mange gav dei tvangsevakuerte ei handsrekning. Rundt om vart det samla inn klede og kjøkkentøy til dei som hadde tapta alt, sjølv om det var mangel på begge delar i heile landet.

Det budde jo samar på Helgeland og i Trøndelag, men likevel var samane for mange norske noko fjernt, næraut utdøydd. No var dei der lys levande. Adresseavisen skreiv forundra om samar og kværnar som var innkvartert på «den ærverdige Katedralskolen» i Trondheim – «små, mørkøyde folk som ikke en gang seg i mellom snakket samme språk.» Journalisten innrømte gjerne at «det blir snudd aldeles opp ned på min viten om lapper og samer og finner – og jeg vil ikke garantere at jeg kan si hvem som er hvem.» Han uttrykte sin sympati og oppsummerte: »Disse jordbundne naturmennesker som nok elsker sin fattige heim blir ikke lett akklamatisert. Det er fjellet og sjøen som er deres element, reinen er for mange deres kjærester husdyr.» Men han kunne opplyse at det også var dei som dreiv gardsbruk og hadde hest og ku.⁷¹

⁶⁷ Årbok 1954. Trondheim: Norges Finnemisjonsselskap.

⁶⁸ Ein innsendar i Adresseavisen kritiserte dei gode borgarane i Trondheim for å stille seg til å glo på dei tvangsevakuerte. Adresseavisen 21.11.1944.

⁶⁹ Petterson 2014 s. 129. Immonen, I. 1999: *Sykepleie i Finnmark. Krig, evakuering og gjenreisning*. Høgskolen i Finnmark, Hif forskning., s. 42. Knudsen, Anne Merete 1995: *Flyktninger i eget land*. Alta museums småskrifter nr. 2. s. 19.

⁷⁰ Knudsen 1995 s. 19.

⁷¹ Adresseavisen 21.11.1944: «Katedralskolen i finner og lappers tegn.»

Halde folket saman

Tvangsevakueringa splintra samfunnet i tusenvis bitar. For alle tvangsevakuerte var det viktigaste å få kontakt med dei nære og kjente. For samane vart det samtidig eit spørsmål om å halde folket saman. Samane hadde jo ingen offisiell status som folk å støtte seg på; kontinuiteten var slektskap og kjennskap. Kulturhistorikaren Marja Tuominen siterer eit samisk ordspråk: «Familien binder, staten skiller». ⁷²

Dei tvangsevakuerte etterlyste folka sine i lokalavisene, hos Røde Kors og på opplysningskontoret for evakuerte som vart oppretta i Trondheim. AT gav ut informasjonsavisa *Budstikka* (på norsk) med adresser til dei som hadde passert Trondheim. Samar skreiv i tillegg til Finnemisjonen til å etterlyse slekt og vennar.⁷³ Finnemisjonen laga eit månadleg rundskriv på samisk, kvensk og norsk som ei helsing til evakuerte samar og kvenar, der adresser til tvangsevakuerte vart trykt.⁷⁴ Tvangsevakuerte samar fekk Finnemisjonen til å forhandle med evakueringsstyresmaktene. Ein familie frå Repvåg ønskte for eksempel å komme til Hitra, fordi fleire av slektingane var der. Dei var klar over at det var lite husrom på øya, og det var gitt ordre om at folk berre fekk komme til Trøndelag og Nordland dersom dei kunne bu hos den nærmeste familien – foreldre, barn, barnebarn eller svigerfamilie.⁷⁵ I forhold til samisk slektskjensle var dette snevert. Generalsekretæren i Finnemisjonen argumenterte overfor evakueringssjefen at det dreide seg om «en eldre samekone» som hadde lite mot på å reise til ein heilt fremmend stad, der ho frykta for å bli utan kontakt med slekta si og kanskje med andre samar.⁷⁶

Reservat for samar?

Hovudparten av dei tvangsevakuerte kom aldri så langt sør som til Trøndelag. Men Jonas Lie protesterte mot at tyskarane hadde sendt ca. 4000 av «den degenererte blandingsbefolkningen» sørover. Dei fleste av dei var folk frå Tana og Porsanger, som etter forferdelege transportar med Karl Arp og Adolf Binder var frakta vidare frå Narvik. Lie skreiv:

⁷² Tuominen 2011 s. 63.

⁷³ SATØ Norges samemisjon boks 75 legg 102.

⁷⁴ Det første kom ut før jul 1944. Heiervang til Brøggens boktrykkeri, 13.12.1944. SATØ Norges samemisjon boks 73 legg 47.

⁷⁵ Rundskriv fra Politidepartementet 24.11 44. RA Flyktning- og fagedirektoratet ..Dd Riksutvalget for evakuering, 0002. Bestemmelsen vart innskjjerpa i mars.

⁷⁶ Heiervang til evakueringssjefen i Trondheim 05.01.1945. SATØ Norges samemisjon boks 78, legg 47-3.

Hva skade de gjør, ikke minst med den forferdelige nedlusing som følger dem, kan vanskelig sies, men de vil måtte sendes tilbake til nordlige kyststrøk, eventuelt kyststrøk og øyer i Trøndelag, hvis ikke Staten skal få en urimelig forsorgsbyrde.⁷⁷

Planen vart forsøkt sett ut i livet. Då familien Klemetsen frå Kvalsund kom til Mosjøen fekk dei ordre om å bli, medan andre av bygdefolket vart stua inn på toget og sendt sørover, for ein skulle finne ei anna plassering for samane.⁷⁸ Familien til Margrethe Olsen frå Smalfjord møtte norske politifolk på kaia i Mosjøen, som ropa: «Sivile til høyre, samer til venstre.» «Muligens ble «de til høyre- plassert på de beste plassene... Vi torde ikke annet enn å gå til venstre». ⁷⁹

Adresseavisen 22.11 1944 s. 1.: Det kom 600 med «Lofoten» i natt, og blant de evakuerte var en barneheim, som ble innkvartert på Døveskolen. – 360 av de evakuerte samer og finner som har oppholdt seg i Trondheim blir sendt til De ble møtt på stasjonen av ordfører Johnsen og forretningsfører Wesselvold, og innkvartert i Totalsalen, hvor det var sørget for mat til dem.

Det kan sjå ut til at Jonas Lie stod bak ein plan om at sjøsamar som kom til Trøndelag skulle plasserast på Fosenhalvøya. Adresseavisa meldte den 22. november at 360 samar i Trondheim skulle sendast til Osen og Bjørnør på Fosen. Andre skulle til Snåsa, og en del til Røros. Lie noterte få dagar etter «350 lapper» i Osen og Roan.⁸⁰ Også kvenar vart sendt dit.⁸¹ Finnemisjonen fekk brev om at samar var komne til Fosen, dei fleste frå Porsanger. Diakon Bertrand Nilsen, som samane i Finnmark kjente frå gammelt av, reiste for å høyre korleis dei hadde det.⁸² Dei fleste sjøsamane som kom til Roan var kvinner, barn og gamle. Dei vart tatt godt imot, men både Roan og andre kommunar slapp opp for pengar til stønad for dei tvangsevakuerte.⁸³ Det vart smallhans. Periodevis levde folk på fisk som dei fekk av fiskarar.⁸⁴

⁷⁷ Lie 1945 s.19, 24.

⁷⁸ Petterson 2008 s. 94.

⁷⁹ Margrethe Olsen, 23 år i 1944, forteller. I: Smette, Johanne Løvoll (red.), udat.: *Slik husker vi det. Krigsminner fra Smalfjord i Tana*. Hadeland trykk & reklame, s. 49.

⁸⁰ Lies dagbok udat.

⁸¹ Petterson 2014 s. 74.

⁸² Jonas Lies dagbok 26.11. Johanna Lunden til Heiervang 28.11.44.: «Av de evakuerte frå Finnmark er det kommet en hel del samer til Bjørnør, særlig frå Porsanger, 200 til Roan, 150 til Osen...». SATØ Norges samemisjons arkiv boks 73 legg 47.

⁸³ Riksutvalet for evakuering gjekk derfor inn for at fylkesmennene skulle kunne anvise forskott til kommunane. Brev frå R.U til finansdep. 08.02. RA Flyktning og fangedirektoratet...Dd Riksutvalet for evakuering 0003.

⁸⁴ Petterson 2014 s. 74. Harald Smette, sju år i 1944, forteller. I: Smette, udat. s.69.

Sambandsmannen for evakueringsutvalet i Trondheim var instruert om at samar og fiskarar ikkje skulle sendast vidare sørover. Han rapporterte at dette skapte problem; ofte vart samane først oppdaga når dei kom til stasjonen og skulle reise, og så måtte dei returnere sjølv om bagasjen var sendt. Han skreiv at sjøsamane vart sendt med passande mellomrom til Namsosdistriktet, fjellsamane til Snåsa og Røros, og fiskarane til Hitra, Frøya og Smøla.⁸⁵ Men sjøsamane var jo fiskarar, så dei kom også til Hitra. Nordsamar vart plassert i dei sør-samiske områda Majavatn, Snåsa og Røros, der dei ikkje forstod språket.⁸⁶ Gjennom alt dette gjorde samiske familiar sitt beste for å bli plassert saman med slektingar og kjenningar.

Det ser ikkje ut til at det sentrale Riksevakueringutsvalet følgde opp intensjonane til Jonas Lie. Sjølv om mange samar vart sendt til Fosen og Snåsa, vart eit «reservat» for samane ikkje gjennomført. I Finland vart dei fleste samane evakuert til Norra Österbotten.⁸⁷ I Noreg vart samane spreidd. Sjøsamar frå Porsanger havna i Valdres.⁸⁸

Konsekvensar for samefolket

Kva skjer med eit lite folk som blir rive opp og spreidd ut i det uvisse?

Historikaren Svein Lund oppsummerer at tvangsevakueringa i seg sjølv var fornorskande; mange gjekk over til å snakke norsk til ungane.⁸⁹ Det var naturlegvis vanskeleg å føre vidare samisk som heimespråk når ein ikkje lenger hadde ein heim, men budde hos ein norsk familie eller i ein norsk leir med norske naboor. Likeins må det ha vore vanskeleg å føre vidare samiske skikkar og tenkemåtar. Det kan ha betydd noko at ein del av dei gamle, som var kulturelle ankerfeste, måtte bli i att det sør-norske etter krigen.

⁸⁵ Rapport frå sambandsmann ved Evakueringutsvalget i Trøndelag, des. 1944. HFM, Hjemmefrontledelsen korrigert. Div saker til HL 12.

⁸⁶ Petterson 2008 s. 95. Adresseavisen 23.11 1944: «De første evakuerte fra Nord-Norge kom til Røros i går kveld, melder vår korrespondent på Røros i går. Det var 19 fjellsamer fra Øst-Finnmark, 10 kvinner, 5 menn og 4 barn, det yngste på bare 3 uker. Bare et par stykker av de ankomne kunne snakke norsk... Ordfører Johnsen opplyser at de evakuerte blir i Røros inntil man har ordnet med opphold i en bygd utenom Bergstaden.»

⁸⁷ Lehtola 2015 s. 130.

⁸⁸ Heiervang til Flokkmann 6.12.44: Samer, kvæner spredt. Større kontingent samer Bjørnør. SATØ Norges samemisjon, boks 73 legg 47. Jfr. Budstikka nr. 11.

⁸⁹ Lund, Svein 2011: «Tie og ta til takke» – skoleforhold under evakuering og gjenreising. I: Lund, Svein. (hovudredaktør); Boine, E.; Broch Johansen, S.; Rasmussen, S. (medredaktørar): *Sámi skuvlahistorjá 5*. Kárasjohka: Davvi Girji, s. 160- 185, s. 184.

Eit stort synleg tap var samekoftene og komagane. Etter tvangsevakueringa var det lite att av draktane som merka, og utmerka, samefolket. Det som ikkje var brent, var tapt på reisa eller utslite av mangel på klesskifte.⁹⁰ Skinnklede vart øydelagt i avlusingsomnane.⁹¹

Spørsmålet om konsekvensane av krig og gjenreising for samisk materiell og mental kultur har vore reist spesielt av finske forskrarar.⁹² Evakueringa førte til språkleg og kulturell forfinsking.⁹³ I begge landa innebar attreisinga ei raskare modernitetsutvikling av bygningar, infrastrukturar og økonomi – på norsk side serleg i dei sjøsamiske områda.⁹⁴ Evakueringa gav kontakt med nye teknikkar og tankesett.⁹⁵ Ei ti-års jente i Kvænangen sa det slik då evakueringsbåten gjekk frå kai: «Endelig fikk man nå komme seg ut og se seg om i verden».⁹⁶ Moderniseringa var samtidig ein styrt prosess frå norsk regjeringshald.

Tuominen framhevar at eit kollektivt traume ikkje berre trugar kjensla av kontinuitet hos individet, men også i fellesskapen og kulturen.⁹⁷ Men det kan òg føre til meir samhald. Samane på finsk side stifta sin første organisasjon under evakueringa i 1945.⁹⁸ Lehtola skriv at det hang saman med erkjenninga av at heimlandet var brent. Fråveret frå heimen gav ei ny kjensle av å vere eitt folk.⁹⁹

I Noreg var tvangsevakueringa ein fiendtleg massedeportasjon, som vart sterkt prega av nazistisk og tradisjonell norsk rasisme mot samane, frå store og små myndighetspersonar. Desse brutale erfaringane med storsamfunnet kan ha vore ein grunn for mange samar til å gli over til det norske etter krigen, om ikkje for eiga skuld, så for barna.

⁹⁰ *Budstikka* des. 44 nr. 14.

⁹¹ Olsen, Margrete, udat., s.47.

⁹² FEENIKS – Art and culture in the mental and material reconstruction process following the Lapland War (2011–2017) in Finland, University of Lapland. <http://www.ulapland.fi/InEnglish/Research/Research-Projects/-Spearhead-projects/Feeniks>. Jfr. Petterson 2008 s. 295.

⁹³ Lehtola 2015.

⁹⁴ Berg, Bård 2004: Evakuering og gjenreising som moderniseringssmotor. *Speculum Boreale* nr. 7, s. 45-47.

⁹⁵ Sjå Lehtola 2015.

⁹⁶ Vassnes, Asbjørn 2014: Minner fra krigstiden...evakueringen. Hansen, Leif-Harry (red.): *Menneske og miljø i Nord-Troms, Årbok 2014*. s. 17.

⁹⁷ Tuominen 2011 s. 67.

⁹⁸ Elsa Laula Renberg stifta den første samiske kvinneforeininga i Noreg i 1910, og var med og organiserte det første samemøtet i Trondheim 1917. Hætta, Odd Mathis 1994: *Samene: Historie, kultur, samfunn*. Oslo: Grøndahl Dreyer s. 150-155.

⁹⁹ Lehtola 2015 s. 132. Organisasjonen var Samii Litto.

På den andre sida vart den norske befolkninga mykje betre kjent med samefolket. Mange norske og samiske familiar stifta langvarige vennskap som kan ha opna for meir gjensidig forståing i etterkrigstida.

Litteratur og kjelder:

Adresseavisen.

Afanasyeva, Anna 2013: *Forced relocations of the Kola Sámi people: background and consequences*. Thesis: Master of Indigenous Studies, University of Tromsø.

Aslaksen, Borghild 2014: Min krigshistorie, s. 110- 113. I: Hansen, Leif-Harry (red.): *Menneske og miljø i Nord-Troms, Årbok 2014*

Berg, Bård 2004: Evakuering og gjenreisning som moderniseringsmotor. *Speculum Boreale* nr. 7 s.35-47.

Budstikka. Meldingsblad for evakuerte. Norsk Arbeidstjeneste:

Elstad, Ingunn 2006: Dei sjuke i samfunnet. I: Elstad, Ingunn og Hamran, Torunn: *Sykdom. Nord-Norge før 1940*. Bergen: Fagbokforlaget.

Emberland, Terje og Kott, Matthew 2013: *Himmlers Norge. Nordmenn i det storgermanske prosjekt*. Oslo: Aschehoug.

Evjen, Bjørg og Hansen, Lars Ivar 2008: Kjært barn- mange navn. Om forskjellige betegnelser på den samiske befolkningen i Nordland gjennom århundrene. I: Evjen, Bjørg og Hansen, Lars Ivar: *Nordlands kulturelle mangfold. Etniske relasjoner i historisk perspektiv*. Oslo: pax. s. 17- 42.

Evjen, Bjørg 2015: Møter og holdninger mellom samer, norske nazimyndigheter og representanter for okkupasjonsmakten. I: Fagertun, Fredrik (red): *Krig og frigjøring i nord*. Stamsund: Orkana akademisk, s. 85-98.

Fause, Åshild 2015: The fate of the mentally ill during the Second World War (1940-1945) in Troms and Finnmark, Norway. *Nordlit* 37, s. 1-29.

Fosnes, Wilhelm 1974: *Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms høsten 1944. Planlegging og gjennomføring*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.

Fjørtoft, Kjell 1984: *Vi fikk vår frihet*. Oslo: Gyldendal.

Hansen, Jan Egil 2011: *Stripete poteter og grumsete grøfter. En funksjonsanalytisk studie av den norske Arbeidstjenesten i perioden 1940-1945*. Masteroppgåve, Universitetet i Agder.

Hauglid, Ole Anders 1975: *Gjenreisinga av Finnmark og Nord-Troms 1945-1948-1952*. Hovudoppgåve, Universitetet i Tromsø.

- [Hellesnes, Berntine Ruud] B.R.H. 1950: Tragikomedie i Kautokeino. I: Hellesnes, B.R. *Finnmark i flammer*, band 2. Kragerø: Eget forlag.
- Holtsmark, Sven G. (red) 2015: *Naboer i frykt og forventning. Norge og Russland 1917-2014*. Oslo: pax.
- Hætta, Odd Mathis 1994: *Samene: Historie, kultur, samfunn*. Oslo: Grøndahl Dreyer.
- Immonen, I. 1999: *Sykepleie i Finnmark. Krig, evakuering og gjenreisning*. Høgskolen i Finnmark, Hif forsking.
- Knudsen, Anne Merete 1995: *Flyktninger i eget land*. Alta museums småskrifter nr. 2.
- Lehtola, Veli-Pekka 2015: Second world war as trigger for transcultural changes among Sámi people in Finland. *Acta Borealia*, 32-2, 125-147.
- Lie, Jonas 1944: *Rapport til ministerpresidenten 16.11 1944*.
- Lie, Jonas 1945: *Rapport til ministerpresidenten om evakuering av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner i Troms*.
- Lie, Jonas (udat.): Dagboksopptegnelser fra tvangsevakueringen av Finnmark og Nord-Troms.
- Lund, Svein 2011: «Ad skoleforhold for lappiske barn» - ei undersøking frå 1943. I: Lund, S. (hovudredaktør); Boine, E.; Broch Johansen, S.; Rasmussen, S. (medredaktørar): *Sámi skuvalahistorjá 5*. Kárasjohka: Davvi Girji.
- Lund, Svein 2011: «Tie og ta til takke» – skoleforhold under evakuering og gjenreising. I: Lund, Svein. (hovudredaktør); Boine, E.; Broch Johansen, S.; Rasmussen, S. (medredaktørar): *Sámi skuvalahistorjá 5*. Kárasjohka: Davvi Girji
- Løkke, Ragna 1996: Fra tombolaproblemer til bespisning av 2000 evakuerte. *Far etter fedrane*, s. 80-83.
- Mølmann, Nina mfl.: Infant mortality and epidemic diseases. Wartime Finnmark in a comparative perspective. *Nordlit* 37, s. 1-36.
- Olsen, Aslaug 2014: Minner fra krigens dager på Furuflaten. I: Hansen, Leif-Harry (red.): *Menneske og miljø i Nord-Troms, Årbok 2014*, s.122-131
- Pedersen, Gunnar 1982: *Militær motstand i nord 1940-45*. Tromsø-Oslo- Bergen-Stavanger: Universitetsforlaget.
- Petterson, Arvid 2008: *Fortet fortid. Tragedien Norge aldri forsto*. Hammerfest: Gjenreisningsmuseet.
- Petterson, Arvid 2014: *Deportering – eller flukt? Porsanger 1944-1945*. Porsanger Historie- og museumslag.

Roughtvedt, Bernt 2010: *Med penn og pistol. En biografi om politiminister Jonas Lie.* Oslo: Cappelen Damm.

Smette, Johanne Løvoll (red.), udat.: *Slik husker vi det. Krigsminner fra Smalfjord i Tana.* Hadeland trykk & reklame.

SSB: *Folketellingen i Norge 1930*, 4.hefte, Aschehoug: Oslo.

St.meld. nr. 44 (2003-2004): *Erstatningsordning for krigsbarn og erstaningsordninger for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener.*

Søbye, Espen 2015: *Folkemengdens bevegelse 1735-2014: en tabellstudie.* Statistisk Sentralbyrå..<https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/folkemengdens-bevegelse-1735-2014>

Tuominen, Marja 2011: Where the world ends? Three places and challenges of Northern cultural history. I: Johnson, Bruce og Kiiskinen, Harri (red.): *They do things differently there. Essays on Cultural History.* Turku: K&h-kustannus, University of Turku, s. 43-80.

Udgaard, Nils Morten 1973: *Great Power Politics and Norwegian Foreign Policy.* Universitetsforlaget. 1973.

Vassnes, Asbjørn 2014: Minner fra krigstiden ...evakueringen. I: Hansen, Leif-Harry (red.): *Menneske og miljø i Nord-Troms, Årbok 2014*, s.14-21.

Watts, Inger Selven 2014: For samene og Jesus. *Adresseavisen* 20.10.

Westrheim, Harry 1978: *Landet de brente.* Oslo: Tiden.

Årbok 1954. Trondheim: Norges Finnemisjonsselskap.

Ørnebakk, Oddvar 2014: Tvangsevakueringa høsten 1944. I: Hansen, Leif-Harry (red.): *Menneske og miljø i Nord-Troms, Årbok 2014*, s.137- 139.

Nettressursar:

Siida Sää'mjie'llem. http://www.samimuseum.fi/saamijellem/english/tieto_etusivu.html

FEENIKS – Art and culture in the mental and material reconstruction process following the LaplandWar (2011–2017) in Finland, University of Lapland.

[http://www.ulapland.fi/InEnglish/Research/Research-Projects/-Spearhead-projects/Feeniks.](http://www.ulapland.fi/InEnglish/Research/Research-Projects/-Spearhead-projects/Feeniks)

Jfr. Petterson 2008 s. 295.

Arkivkjelder:

Riksarkivet (RA):

Landssviksak D3802 Lippestad.

Flykning- og fangedirektoratet, direktoratets forløpere på sentralt hold

Statsarkivet i Tromsø (SATØ):

Fylkesmannsarkivet for Troms

Norges Samemisjon

Norsk Hjemmefrontmuseum (NHM)



